

## **Regionreform**

### **Vedtak:**

Fylkestinga i Hordaland og Sogn og Fjordane har vore samla i Gulen, der dei to fylkestinga gjorde likelydande vedtak om det nye fylket, Vestlandet, der begge fylka stadfesta intensjonsavtalen.

Hordaland Arbeiderparti har lenge arbeidd for ein sterk Vestlandsregion som skulle samle dei tre fylka Hordaland, Sogn og Fjordane og Rogaland. Sjølv om forhandlingane var positive, valde Rogaland å seie nei til å bli med i ein ny region. Hordaland vil likevel arbeide for eit sterkt og godt samarbeid med Rogaland, for å løfte viktige saker for Vestlandet.

Regjeringa si handtering av regionreforma og inndeling av fylker som ikkje har ønska å slå seg saman, har skapt mykje støy . Regjeringa har ikkje lukkast med å svare på dei utfordringane og forventningane som har vore knytte til regionreforma. Det har også blitt fremja fleire forslag i Stortinget om å oppheve vedtaket om samanslåing av Hordaland og Sogn og Fjordane. Hordaland Arbeiderparti meiner at det er unødvendige omkampar på ein prosess som har vore frivilleg . Vi meiner at energien må nyttast til å skape ein enda betre og sterkare region til det beste for innbyggjarane.

Sjølv om «Vestlandet» har fått overført fleire oppgåver så er det framleis eit stort potensiale i å gjere dei nye regionane kraftfulle og meir relevante. Hordaland Arbeiderpartiet vil oppmode Stortingsgruppa i Arbeiderpartiet om å ta et nytt initiativ i Stortinget for å skape fleirtal for at fleire oppgåver som kan overførast til dei nye regionane.

### **Vedtak om fylkespartisamanslåing:**

- Hordaland Arbeiderparti vil saman med Sogn og Fjordane bli einige om felles nominasjons- og programprosess til regionvalet i 2019.
- Nominasjons- og programprosessen vert vedteken på fylkesårsmøtet i mars 2018
- Hordaland Arbeiderparti vert einige med Sogn og Fjordane Arbeiderparti om ny framdriftsplan med mål om å slå saman dei to fylkespartia i mars 2019.

### **Uttale om flykning- og asylpolitikk**

Hordaland Arbeiderparti ønskjer ein flykningpolitikk der grunnleggjande menneskelege omsyn vert vektlagt og midlertidige opphaldstillating for barn og unge vert avgrensa til eit minimum. Ei utstrekt bruk av midlertidig opphald svekker integreringa og betyr auka belastning for barn som allereie har vore utsett for store påkjenningar.

Hordaland er oppteken av at Stortingsgruppa legg følgjande punkt til grunn for det vidare arbeidet knytt til den aktuelle asylpolitikken:

- Dei einslege mindreårige asylsøkarane frå Afghanistan, omtalt som Oktoberbarna, skal få saka si vurdert på nytt nå på individuelt grunnlag
- Dersom utanriksministeren ikkje raskt kan godtgjere at det er trygt å returnere desse asylsøkarane til Afghanistan, skal returnering stoppast fram til det er sikkert å returnere.
- Ved returtilfelle av mindreårige skal omsynet til barnets beste, nettverk og tryggleiks situasjonen i returlandet bli vektlagt.
- Returavtaler skal berre bli inngått med legitime regime. UNHCRs anbefalingar skal vektleggjast og mottakarlandet må gje tilfredsstillande forsikringar om ein forsvarleg situasjon for dei som skal returnerast.
- Arbeidarpartiet si stortingsgruppe skal jobba for å skape fleirtal på Stortinget som tek i vare landsmøtets klare forventning om å få ned bruken av midlertidig opphald til eit minimum.

## **Evaluering av valet**

### **Vedtak:**

Hordaland Arbeiderparti set ned eit organisasjonsutval. Utvalet skal legge fram eit forslag til eit prosjekt for organisasjonsutvikling i Hordaland Arbeiderparti. Forslaget skal innehalde ein analyse av situasjonen i organisasjonen og forslag til skulering, medlemsutvikling, medlemspleie, politikk- og talentutvikling.

Kommunepartia får høve til å sende inn forslag på namn på personar i utvalet, og ei konkretisering av kva utvalet bør jobbe med. Styret i Hordaland Arbeiderparti vedtek tidsplan, samansetting og mandat.